

# Kleiveneset



## FAKTA

<b>Trimpoeng:</b>	3
<b>Høgde over havet:</b>	5 m
<b>Lengd merka løype:</b>	1,3 km
<b>Stigning merka løype:</b>	37 m
<b>Underlag/terreng:</b>	Grus, myr, torv
<b>Signeringar i 2013:</b>	731

## OM STADEN

Kleiveneset ligg "gøymd" på "baksida" av fjellet Grøntua heilt nord på Sandsøya. Frå fjelltoppen går det stupbratt ned i fjøra. Skråninga er mest dekt av stein og sand, og det er ikkje tilrådeleg å prøve seg ned her. Mange brukar namnet Hornhammaren om staden, men trimposten ligg på neset som spissar seg ut frå fjellet bak. På turen ut til Kleiveneset passerer ein derimot Hornhammaren. Dette er eit punkt der ein bør vere forsiktig, fordi store steinar kan lausne frå hammaren. Nordover frå Kleiveneset ser ein, frå vest til aust, Svinøya, Skorpa, Nerlandsøya, Bergsøya (Fosnavåg), Moltustranda, Gjerdsvika og Gursken.

## TURALTERNATIV

Den kortaste løypa går frå butikken på Sandshamna og utover på austersida av fjellet. Størstedelen av turen går på grusveg av varierende kvalitet. Siste to-tre hundre meterane er det vanleg sti på torv og myr. Totalt er det om lag **1,3 km**. Det er også merka løype frå enden av grusvegen og vidare langs fjøra rundt fjellet til Våge. Dermed kan ein ta turen som ei runde enten eine eller andre vegen, eventuelt med toppane Hornet og Grøntua i tillegg (sjå eige turforslag).

## BILETE

